

Stad skipstunnel

Detaljregulering

Reguleringsføresegner
Detaljregulering
PlanID 2022010

Føresegner dato: xx.xx.2026

Plankart dato: xx.xx.2026



Innhald

	Reguleringsføresegner Detaljregulering PlanID 2022010	1
1	Generelt	5
1.1	Føremål i reguleringsplanen, omsynssoner og føresegningsområde	5
2	Fellesføresegner for heile planområdet.....	7
2.1	Sikring av kulturminne	7
2.2	Gjenbruk av matjord	7
2.3	Støy og luftkvalitet	7
2.3.1	Anleggsfase	8
2.3.2	Andre anleggsfasar	8
2.4	Ureina grunn	9
2.5	Framande artar	9
2.6	VA, tele, EL	9
2.7	Havnivåstigning og stormflo	9
2.8	Ras- og skredsikring	9
2.9	Byggegrense	9
2.10	Krav til parkering	10
2.11	Arkitektur, estetikk og kvalitet	11
2.12	Universell tilkomst	11
2.13	Utandørs belysning	11
2.14	Navigasjonsinstallasjonar	11
2.15	Nettstasjonar	12
2.16	Landskap og terreng	12
2.17	Utnyttingsgrad	12
2.18	Skilt og reklametiltak	12
2.19	Gorgeneset	12
2.20	Tiltak i sjø	12
3	Eigarform	13
3.1	Offentlege arealformål	13
3.2	Felles arealformål	13
4	Føresegner for arealformål (vertikalnivå 2).....	13
4.1	Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)	13
4.1.1	1111 - Bustader-frittliggjande småhus (BF1.1, BF1.2, BF1.3)	13
4.1.2	1121 – Fritidsbusetnad-frittliggjande (FBF1.1, FBF2.1)	13
4.1.3	1170 – Fritid- og turistformål (FTU2.1, FTU2.2)	14
4.1.4	1500 – Andre typar bygningar og anlegg (ABA)	14
4.1.5	1589 – Uthus/naust/badeplass (UNB1.1, UNB1.2 og UNB2.1)	14
4.1.6	1610 – Leikeplass (LEK1.1)	15

4.1.7	1800 – Kombinert byggje- og anleggsformål (KBA1.1, KBA2.1, KBA2.2).....	15
4.2	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2).....	16
4.2.1	2010 – Veg (14) (o_V1.1 - o_V1.6, o_V2.1 – o_V2.4).....	16
4.2.2	2011 – Køyreveg (KV1.1 – KV1. 18, KV2.1 – KV2.3).....	17
4.2.3	2016 – Gangveg/gangareal/gågate (o_GG1.1 – o_GG1.3 og o_GG2.1 – o_GG2.2).....	17
4.2.4	2018 – Annan veggrunn – teknisk anlegg (AVT).....	18
4.2.5	2019 – Annan veggrunn – grøntareal (AVG).....	18
4.2.6	2040 – Hamn (H1.1 - H1.3).....	19
4.2.7	2041 – Kai (KAI1.1, KAI1.2, KAI1.3, KAI2.1, KAI2.2, KAI2.3).....	19
4.2.8	2082 – Parkeringsplassar (PP2.1).....	20
4.3	Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (§ 12-5 nr. 5).....	20
4.3.1	5100 - LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget til garden (LNFR).....	20
4.3.2	5111 – Jordbruk (J1.1).....	20
4.4	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6).....	20
4.4.1	6001 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV).....	20
4.4.2	6200 – Farleier (o_FA1.1 og o_FA2.1).....	20
4.4.3	6220 – Hamneområde i sjø (HOS1.1).	21
4.4.4	6230 – Småbåthamn (SH1.1 og SH2.1).	21
5	Føresegner for arealformål (vertikalnivå 1).....	21
5.1	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2).....	21
5.1.1	2041 – Kai (o_KAI).....	21
5.1.2	2180 – Andre tekniske infrastrukturtrasear (o_ATI1-o_ATI2, ATI3).....	21
5.2	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6).....	22
5.2.1	6200 – Farleier (o_FA).....	22
6	Føresegner for arealformål (vertikalnivå 4).....	22
6.1	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6).....	22
6.1.1	6900 – Utdjuping ned til min. kote – 13,25 (o_VAA1.2 og o_VAA2.2).....	22
6.1.2	6900 – Fylling i sjø (o_VAA1.1 og 1.2, og o_VAA2.1 og 2.2).....	22
7	Omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8).....	22
7.1	Frisikt (H140).....	22
7.2	Andre sikringssoner (H190) - Sikringssone skipstunnel (H190).....	22
7.3	Faresone ras- og skredfare (H310).....	22
7.4	Faresone høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar (H370_1.1 og H370_2.1-2.4).....	23
7.5	Annan fare vernskog (H390_1.1-1.2 og H390_2.1).....	23

8	Føresegningsområde (kartforskrifta)	23
8.1	Midlertidig bygge – og anleggsområde (vertikalnivå 1, 2 og 4).....	23
8.2	Båtopptrekk (#1.1, #1.2 og #2.1)	24
8.3	Føresegningsområde kulturminne - Kulturminne som blir søkt frigjeve (#1.3, #1.4, #1.5,.....	24
9	Linjesymbol	25
10	Punktsymbol	26
11	Rekkjefølgjeføresegner (pbl. § 12-7. Nr. 10)	26
11.1	Avklaring av omgrep	26
11.2	Rekkefølgjekrav	28
11.2.1.	Rammeløyve til tiltak knytt til Stad skipstunnel	28
11.2.2	Igangsettingsløyve i Kjøde for tiltak knytt til Stad skipstunnel	28
11.2.3	Igangsettingsløyve ved Moldefjorden for tiltak knytt til Stad skipstunnel	29
11.2.4	Mellombels bruksløyve / ferdigattest.....	30
11.3	Øvrige rekkefølgjekrav	31
11.3.1	Igangsettingsløyve for kombinerte formål (KBA1.1, KBA2.1 og KBA2.2)	31
11.3.2	Mellombels bruksløyve / ferdigattest for naustformål (UNB2.1).....	31
11.3.3	Mellombels bruksløyve /ferdigattest for fritidsformål (FTU2.1 og FTU2.2)	31
11.3.4	Føresegningsområde (#1.4, #1.5 og #1.6)	32
11.3.5	Utbyggingsavtale	32

1 Generelt

Det regulerte området er vist på plankart datert 16.08.2024 Planen har tre vertikalnivå:

- 1) Under grunnen (tunnel)
- 2) På overflata
- 4) På botnen (vatn/sjø)

1.1 Føremål i reguleringsplanen, omsynssoner og føresegsområde

Gjeldande områdereguleringsplan for Stad skipstunnel vart vedteken i 2017. Planforslaget er utarbeidd på bakgrunn av denne. Hovudføremålet med planarbeidet er å leggje til rette for skipstunnel med tilhøyrande anlegg, anleggstunnel, nytt næringsområde i Moldefjorden og større hamneareal med bruk av masser som vert teke ut ved bygging av Stad skipstunnel. Vidare vert det lagt opp til utviding av småbåthamn, utbetring av kryss mellom kommunalveg 4500 og fylkesveg 620, tilrettelegging for fritid- og turistføremål, sikring av større område for vernskog og mindre tekniske rettingar i plankart. Kystverket har behov for å nytte området som rigg- og anleggsområde i byggeperioden for Stad skipstunnel. Stad kommune har interesse av å overta ferdig utfylt og tilrettelagte offentleg næringsområde når Kystverket har avslutta bruken av området som riggplass i anleggsperioden. Stad kommune har teke initiativ til planendringa.

Området vert regulert til:

Formål	SOSI-kode	Kortform
§ 12-5. Nr. 1 – Bygningar og anlegg		
Bustader-frittliggjande småhus	1111	BF
Fritidsbusetnad-frittliggjande	1121	FBF
Fritids- og turistformål	1170	FTU
Andre typar bygningar og anlegg	1500	ABA
Uthus/naust/badehus	1589	UNB
Leikeplass	1610	LEK
Kombinert byggje- og anleggsformål	1800	KBA
§ 12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Veg	2010	V
Køyreveg	2011	KV
Gangveg/gangareal/gågate	2016	GG
Annan veggrunn – teknisk anlegg	2018	AVT

Annan veggrunn – grøntareal	2019	AVG
Hamn	2040	H
Kai (vertikalnivå 1 og 2)	2041	KAI
Parkeringsplassar	2082	PP
Andre tekniske infrastruktraseer/turtraseer (vertikalnivå 1)	2180	ATI
§ 12-5. Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift		
LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden	5100	LNFR
Jordbruk	5111	J
§ 12-5. Nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	6001	BSV
Farleier (vertikalnivå 1 og 2)	6200	FA
Hamneområde i sjø	6220	HOS
Småbåthamn	6230	SH
Utdjuping ned til min. kote – 13,25 (vertikalnivå 4)	6900	VAA
Fylling i sjø (vertikalnivå 4)	6900	VAA
§ 12-6 Omsynssoner		
Sikringssoner		
Frisikt	H140	
Andre sikringssoner (skipstunnel)	H190	
Faresone		
Ras- og skredfare	H310	
Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)	H370	
Annan fare (vernskog)	H390	
§ 12-7 - Føresegningsområde		
Båtopptrekk		#1.1, #1.2, #2.1
Midlertidig bygge- og anleggsområde (vertikalnivå 1, 2 og 4)		#2.1, #A og #B
Kulturminne		#1.3, #1.4, #1.5, #1.6, #1.7 og #2.2

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Sikring av kulturminne

Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn, gjenstandar, konstruksjonar eller kulturminne vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Dersom ein finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne under arbeid i sjøområde, skal arbeidet under vatn strakst stansast, og tiltakshavar må informere Bergen sjøfartsmuseum om dette.

Før det blir sett i verk tiltak innanfor føresegnsområde #1.6, #1.5 og #1.4 skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082 (#1.6), 298084 (#1.5) og 298119 (#1.4). Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 4.2.4, 4.2.5, 4.3.1, 8.1 og 8.3.

Eksisterande bakkemurar i Kjøde skal bevarast så langt det er mogleg, og integrerast i anlegget. Må murar fjernast midlertidig under anleggsperioden skal dei rehabiliterast til original stand. Grunneigar skal inkluderast i arbeidet.

2.2 Gjenbruk av matjord

Matjord på dyrka mark skal takast av og lagrast slik at kvaliteten på jorda vert ivareteken.

Ved ferdigstilling av anlegget skal matjorda nyttast til jordforbetring/dyrkingstiltak i jordbruksområde lokalt. Handtering av matjorda skal dokumenterast i byggjesøknad. Kommunen sin Rettleiar for jordflytting i plan Stad KS 25.01.24 skal leggest til grunn.

Det skal ikkje tilførast jordmasse som inneheld framande og skadelege planteartar.

2.3 Støy og luftkvalitet

Grenseverdier som er gitt i Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal tilfredsstillast. Samla støynivå frå næringsverksemd skal ikkje overskride grenseverdiane for «øvrige industri» gitt i tabell 2 i T-1442/2021, utdrag frå tabellen som skal gjelde er vist under:

Støykjelde	Støynivå på uteopphaldsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruksformål	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå på uteopphaldsareal og utanfor rom med støyfølsam bruksformål, laurdagar	Støynivå på uteopphaldsareal og utanfor rom med støyfølsam bruksformål, søn-/heilagdag
Øvrig industri	Utan impulslyd: L _{den} 55 dB og L _{evening} 50 dB	L _{night} 45 dB L _{AFmax} 60 dB	Utan impulslyd: L _{den} 50 dB Med impulslyd:	Utan impulslyd: L _{den} 45 dB Med impulslyd:

	Med impulslyd: L _{den} 50 dB og L _{evening} 45 dB		L _{den} 45 dB	L _{den} 40 dB
--	---------------------------------------------------------------------------	--	------------------------	------------------------

Støy frå tekniske installasjonar skal tilfredsstillast krav i TEK 17 og NS8175 lydklasse C ved næraste bustadar.

Grenseverdier som er gjeve i retningslinje T-1520 om luftkvalitet i arealplanlegging skal tilfredsstillast.

2.3.1 Anleggsfase

I anleggsfasen til Stad skipstunnel opnar det for døgnkontinuerleg anleggsdrift. Støy og luftkvalitet skal vektleggast i prosjektering og gjennomføring.

Plan og dokumentasjon med oversikt over aktivitetar og avbøtande tiltak for støy og luftkvalitet skal ligge føre. Denne skal innehalde:

- a) Beregning av hovudaktivitet
- b) Framdriftsplan som viser hovudaktivitet og varigheit
- c) Fasedelte støysonekart og støyberegning for lydnivå i løpet av døgnnet, basert på prosjektet sin framdriftsplan.
- d) Val av arbeidsmetodar, utstyr, driftstider og moglege støy- og støvreduserande tiltak
- e) Ein plan for skjermingstiltak/avbøtande tiltak. Ved overskridelse av T-1442 og T-1520 skal det tilbydast erstatningsbustad.
- f) Ein plan for informasjon/kommunikasjon med råka partar. Råka naboar skal varslast om støyande arbeid i samsvar med anbefalingane i T-1442
- g) Plan for kontroll og dokumentasjon av støy- og støvforhold under anleggsperioden. Det skal gjennomførast kontinuerlege støymålingar i bygge- og anleggsfasen.
- h) Kontraktskrav til entreprenør.
- i) Strategi for handtering av støy- og støvklager.

Dersom det som følgje av anleggstrafikk oppstår skadar på vegar og avkøyrslar både innanfor og utanfor planområdet skal vegen utbetrast til dagens standard.

Det er ikkje høve til å føre anleggstrafikk knytt til massetransport for Stad skipstunnel gjennom kryss fv.618/620 i Kjøde.

Det er ikkje høve til dumpertransport på fylkesveg 618 og 620 med unntak av kryssingspunkt i Kjøde, jf. *Vegdirektoratets vurdering av kjøring med dumper på Fv. 618 og Fv. 620 i forbindelse med bygging av Stad skipstunnel*, datert 02.05.2024.

2.3.2 Andre anleggsfasar

I andre anleggsfasar skal støy frå bygge og anleggsverksemd ikkje overskride grenseverdiane gitt i tabell 4 i -1442/2021, utdrag frå tabellen som skal gjelde er vist under:

Bygningstype	Støykrav på dagtid (L _{pAeq12h} 07-19)	Støykrav på kveld (L _{pAeq4h} 19-23) eller søn-/helligdag (L _{pAeq16h} 07-23)	Støykrav på natt (L _{pAeq8h} 23-07)
Bustadar, fritidsbustadar	60	55	45

Ved overskriding av grenseverdiane skal det varslast og gjennomførast avbøtande tiltak.

2.4 Ureina grunn

Dersom det vert oppdaga forureining i grunnen skal arbeidet stansast, grunnen undersøkast nærmare av fagkunnig og det skal utarbeidast tiltaksplan som skal godkjennast av kommunen.

Avrenning av overflatevatn frå ei verksemd sine uteareal skal handterast etter krava i forureiningslova og etter godkjent VAO-rammeplan.

2.5 Framande artar

Ved utbygging av området skal det ikkje innførast eller spreia framande artar innanfor planområdet. Ved funn av framande artar skal Mattilsynet kontaktast for å få informasjon om status for dei ulike skadegjerarane.

Sjøområda skal ikkje tilførast marine framande artar.

2.6 VA, tele, EL

Det kan etablerast private/offentlege leidningar/røyr under bakkenivå og i sjø, samt tekniske anlegg som røyrgater, pumpestasjon, nettstasjon, kabelskap, brannhydrant m.m. innafor planområdet, uavhengig av regulert formål. Anlegg i bakken skal dekkast til, men kan ikkje utan særskilt avtale byggast over med anlegg eller bygningar.

Dersom tiltak innafor planområdet øydelegg brønnar og vassforsyningssystem, må desse erstattast med nye. Ved behov skal det etablerast mellombels drikkevatt med tilfredsstillande kvalitet.

2.7 Havnivåstigning og stormflo

Minimum kotehøgde for nye tiltak i strandsona:

Tryggleiksklasse (F1 til F3)	Konsekvens	Største nominelle sannsyn	Kotehøgde (NN2000)
F1	Liten	1/20	+ 2,5
F2	Middels	1/200	+ 3,0
F3	Stor	1/1000	+ 3,0

2.8 Ras- og skredsikring

Det er tillate å gjennomføre ras- og skredsikringstiltak innanfor planområdet uavhengig av føremål.

2.9 Byggegrense

Byggegrenser er vist i plankart.

Der byggegrense ikkje er synleg i plankart, går den i formålsgrensa og plan- og bygningslova sine avstandskrav til nabogrenser gjeld.

Byggegrense til offentlig veg:

- Byggegrense til fylkesveg er 15 meter målt frå senterlinje veg.
- Byggegrense til kommunale vegar er 3 meter målt frå ytterkant anna veggrunn-teknisk anlegg (AVT).
- Byggegrense til mellombels omlagt fylkesveg er i anleggsperioden 15 meter målt frå senterlinje veg.
- Det kan etablerast mellombelse anleggsvegar innanfor byggegrensa i samråd med vegmynde.

- Bygningar og andre tiltak etter veglova § 30 kan plasserast utanfor regulerte byggegrenser etter løyve frå vegmynde.

Byggegrense VAO (vatn, avlaup og overvatn):

Teknisk anlegg og leidningsnett for VAO skal innmålast og det kan ikkje etablerast tiltak nærare enn fire meter til teknisk anlegg VAO.

Byggegrense rundkøyringar:

Byggegrense er synt med ein avstand på 10 meter i plankart. For å ivareta sikker landing for helikopter vil det ikkje vere tillate å plassere master, stolpar og liknande i ein avstand på 5 meter frå denne byggegrensa mot sjø.

2.10 Krav til parkering

Parkeringsplassar skal etablerast på eiga tomt. Det skal etablerast laste-/losseareal og snuareal for varebil og lastebilar innfor arealformålet KBA.

Følgjande parkeringskrav gjeld:

Formål	Type	Krav
Bustader B	Einebustad/konsentrert og småhus	2 plasser pr. bueining
	Hybel/utleigedel	+ 1 stk. pr. bueining
Fritidsbusetnad FBF	Hytter	1 plass pr. eining
Fritid/turistformål FTU	Hytter	1 plass pr. eining
Uthus/naust/badehus UNB	Naust	1 plass pr. eining
Kombinert byggje- og anleggsformål KBA1.1	Bustad, næring, kontor, lager, overnatting og servering	2 plasser pr. bueining 1 plass pr. 100 m ² BRA
Kombinert byggje- og anleggsformål KBA		Minimum 42 stk. plasser i KBA2.2. (Her er det opna for sambruk av parkering til småbåthamn). Min. 5 % skal vera for rørslehemma. Min. 6 stk. skal vere tilrettelagt for el-bil. Det skal leggjast til rette for sykkelparkering med lademoglegheiter. Minimum 20 stk. plasser i KBA2.1. Min. 5 % skal vera for rørslehemma. Min 4 stk. skal vere tilrettelagt for el-bil. Det skal leggjast til rette for sykkelparkering med lademoglegheiter.
Hamn H		Minimum 26 stk. plasser i H1.2 Minimum 10 stk. plasser i H1.3

2.11 Arkitektur, estetikk og kvalitet

Tiltak knytt til opparbeiding av Stad skipstunnel skal prosjekterast og utførast med høg materialkvalitet, slik at dei får god arkitektonisk utforming og funksjon. Val av utforming og løysingar skal arkitektonisk gjerast reda for ved søknad om rammeløyve.

Designmanual for Stad skipstunnel datert 04.07.2024 skal leggjast til grunn ved utforming så langt det ikkje er i strid med føresegnene her.

Tunnelen skal stå fram som eit tydeleg visuelt landemerke i høve til terrassert sideterreng og landskap. Reglane om utforming av tunnelens frontvegg i designmanualen gjeld ikkje. Det skal ikkje nyttast sprøytebetong utan at dette er nødvendig av stabilitetsmessige omsyn.

2.12 Universell tilkomst

Prinsipp for universell utforming skal leggjast til grunn ved planlegging og søknad om tiltak.

2.13 Utandørs belysning

Det er ikkje tillate med belysning som uroar seglingssektorane til Stads skipstunnel.

Ved val og utforming av utandørs belysning skal det visast omsyn til naboar utanfor næringsareala, slik at dei ikkje får utilbørlege verknadar av dette.

Belysning av og rundt portalopningane skal utformast i medhald av intensjonane i belysningskonsept for Stad skipstunnel. Unødig lysbruk skal unngåast og ein skal legge vekt på å redusere mengda strølys så mykje som mogleg.

Lyskjelder skal ikkje rettast opp i lufta, men rettast mot dei spesifikke områda eller objekt som skal opplyst.

Der det er mogleg skal lys kunne sløkkast automatisk når det ikkje er behov for lyset. Dette gjeld også for båtar som ligg til kai.

Det skal settast opp skilt på kai som skal vere lett synleg, med påbod om at båtar til kai skal slokke unødig belysning.

Utandørs belysning på hytter, naust, teknisk- og fritidsbygg skal avgrensast til inngangsparti.

2.14 Navigasjonsinstallasjonar

Det er tillate med vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innafør planområdet, jf. pbl. § 1-8, 4. ledd og § 11.11 nr. 3 og nr. 4.

2.15 Nettstasjonar

Nettstasjonar med tilhøyrande kabelanlegg, høgspen- og lågspenlinje kan etablerast innanfor planområdet uavhengig av føremål. Radiolinje/antenne/kiosk kan etablerast innanfor planområdet uavhengig av føremål.

2.16 Landskap og terreng

Terrenginngrep knytt til opparbeiding av Stad skipstunnel skal tilpassast mot tilgrensande terreng, slik at overgangen vert naturleg. Det skal nyttast stadeigen vegetasjon ved opparbeiding og revegetering. Murar bør vere i naturstein og ha ei heilskapleg utforming. Støttemurar, natursteinmurar og andre murar skal førast opp i samsvar med krav og tilrådingar i Statens vegvesen sine handbøker. Det skal ikkje nyttast sprøytebetong utan at dette er naudsynt av omsyn til stabilitet.

2.17 Utnyttingsgrad

Maksimal grad av utnytting innanfor delområde:

Formål	Utnytting i % BYA
Bustader frittliggjande BF1.1	18 %
Bustader frittliggjande BF1.2	24 %
Fritidsbusetnad frittliggjande FBF1.1	18 %
Fritidsbusetnad frittliggjande FBF2.1	24 %
Fritid/turistformål FTU2.1	40 %
Fritid/turistformål FTU2.2	25 %
Hamneområde H1.2	12 %
Hamneområde H1.3	12 %
Kombinert byggje- og anleggsformål KBA1.1	50 %
Kombinert byggje- og anleggsformål KBA2.1	30 %
Kombinert byggje- og anleggsformål KBA2.2	50 %
Uthus/naust/badehus UNB1.1	36 %
Uthus/naust/badehus UNB1.2	24 %
Uthus/naust/badehus UNB2.1	40 %

2.18 Skilt og reklametiltak

Reklameskilt eller liknande innretning ved offentleg veg må skje etter løyve i medhald av veglova § 33.

Utforming og oppsetting av skilt- og reklametiltak skal samsvare med gjeldande kommunale skiltvedtekter. Reklameskilt, flaggstenger og andre reklameinnretningar kan ikkje settast opp før løyve frå kommunen ligg føre. Kystverket skal vere høyringspart.

2.19 Gorgeneset

Ved masseplassering på Gorgeneset må Linja AS sitt høg- og lågspen nett takast omsyn til. Arbeid med maskiner og utstyr nærare kraftlinjer enn 30 meter skal varslast og det må etablerast nødvendige sikringstiltak i samråd med Linja AS.

2.20 Tiltak i sjø

Utfylling i sjø skal utførast med ordna steinfylling eller plastring. Utfyllinga skal ikkje vere brattare enn 1:1,5. Utflata strandsoner med helling mindre enn 1:5 kan ordnast til med natursand eller grus.

Etablering av sjøfylling kan utførast ved eitt av to alternative framgangsmåtar:

- Alt. 1 – Etablering av utfylling direkte på stadeigen sjøbotn.
- Alt. 2 – Mudring av blaute sjøbotnmassar før utfylling.

I farleia til skipstunnelen tillatast utdjuping ned til min. kote – 13,25 (NN2000) for å sikre naudsynt djupne.

Alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova og forureiningslova, i tillegg til plan- og bygningslova.

3 Eigarform

3.1 Offentlege arealformål

Følgjande arealformål skal vere offentlege:

- o_V er offentlig køyreveg (fylkes- og kommunalveg)
- o_Vs er offentlege rundkøyeringar (kommunal)
- o_AVT er offentlig annan vegg grunn-teknisk anlegg (fylket/kommunal)
- o_GG er offentlig gangveg/gangareal/gågate (kommunal)
- o_KAI er offentlig kai (Kystverket)
- o_FA er offentlig farled (Kystverket)

3.2 Felles arealformål

Følgjande arealformål skal vera felles:

- f_KV2.3 er felles køyreveg for naust UNB2.1 og fritids- og turistføremåla FTU2.1 og FTU2.2.

4 Føresegner for arealformål (vertikalnivå 2)

4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

4.1.1 1111 - Bustader-frittliggjande småhus (BF1.1, BF1.2, BF1.3)

Området for frittliggjande bustadar.

BF1.1: Utnytting %BYA = 18

BF1.2: Utnytting %BYA = 24

Parkeringsplassar må opparbeidast innanfor eiga tomt. Sjå pkt. 2.10.

Delar av området er råka av faresone for ras (H310) med større årleg sannsyn enn 1/1000. Sjå pkt. 7.3.

4.1.2 1121 – Fritidsbustad-frittliggjande (FBF1.1, FBF2.1)

Område for frittliggjande fritidsbustader.

Maks BYA pr. eining er 110 m².

FBF1.1

Utnytting % BYA = 18

Det kan byggjast maksimalt 6 stk. einingar.

Fritidsbustadane kan nyttast til utleige.

Parkering må opparbeidast på eiga tomt. Sjå pkt. 2.10.

Fritidsbygg skal primært vera enkeltvis eller maksimalt 2-3 i rekke.

FBF2.1

Utnytting %BYA = 24

Det kan byggjast maksimalt 1 stk. eining.

Området er råka av faresone for ras (H310) med større årleg sannsyn enn 1/1000. Sjå pkt. 7.3.

4.1.3 1170 – Fritid- og turistformål (FTU2.1, FTU2.2)

På tomtene innanfor FTU1-2 kan det førast opp fritidsbustader for utleige.

Fritidsbustadane skal ikkje ha flatt tak eller pulttak.

Parkering må opparbeidast på eiga tomt. Sjå pkt. 2.10.

Fritidsbygg skal primært vera enkeltvis eller maksimalt 2-3 i rekke.

FTU2.1

Utnytting %BYA = 40

Maks BYA pr. eining er 90 m²

Det kan byggjast maksimalt 4 stk. einingar

Bygg skal planerast på minimum kote + 3,0.

Mønehøgde skal ikkje overstige 7,0 meter.

FTU2.2

Utnytting %BYA = 25

Maks BYA pr. eining er 110 m².

Det kan byggjast maksimalt 6 stk. einingar

Fritidsbustadane skal byggast utan kjellar. Det kan derimot tillatast kjellarrom dersom det fell naturleg i terrenget og ikkje influerer bygget si høgde over lendet.

Mønehøgde skal ikkje overstige 7,0 meter.

4.1.4 1500 – Andre typar bygningar og anlegg (ABA)

Området kan nyttast til garasje.

Maks BYA er 80 m².

Mønehøgde skal ikkje overstige 5 meter.

4.1.5 1589 – Uthus/naust/badepus (UNB1.1, UNB1.2 og UNB2.1)

Området skal nyttast til båtnaust. Båtnaust er uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr og fiskereiskap. Nausta skal ha tradisjonell utforming, material- og fargebruk.

Det er høve til å føre opp inntil 18 stk. naust i områda.

UNB1.1 – 8 stk. naust

UNB1.2 – 4 stk. naust

UNB2.1 – 6 stk. naust

Naust skal vere i ein etasje med maks BYA = 50 m² pr. eining.

Mønehøgde skal ikkje overstige 5,5 meter. Nausta skal ha saltak med vinkel på 35-45 grader.

Ev. loftsetasje skal ikkje vera måleverdig areal og kan berre nyttast til lager.

Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 % (prosent) av hovudplanet sitt areal.

Balkong/veranda/utkraging er ikkje tillate, heller ikkje gjerde eller leveggar.
Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter.

Naust skal primært vera enkeltvis men 2-3 kan byggast i hop.

Nye naust skal ha ei golvhøgde på minimum kote + 2,5 meter. Det er tillate å føre opp naust lågare enn dette, dersom bygningen vert utført i material og utforma slik at den toler påverknad frå havstigningsnivå og høg vasstand. Dette må dokumenterast i byggesaka.

Utbygging av naust skal ta omsyn til friluftssinteressene. Badeplassar, stiar og tilkomstveggar til sjøen skal ikkje byggast ned. Området skal vere ope for fri ferdsel.

Opplag av båtar utandørs på land er ikkje tillate.
Det er tillate å etablere kran for vatn på utside av naust.

UNB1.1 og UNB2.1

Parkering må opparbeidast på eiga tomt. Sjå pkt. 2.10.

UNB1.2

I området står det i dag tre eksisterande naust.

Naust som må rivast eller som krev hovudombygging grunna brann- eller naturskade, kan byggast opp att på same stad med same volum (grunnflate, byggehøgde og takvinkel).

4.1.6 1610 – Leikeplass (LEK1.1)

Leikeplass er for planlagde bustader i reguleringsplan 03/80.

4.1.7 1800 – Kombinert byggje- og anleggsformål (KBA1.1, KBA2.1, KBA2.2)

KBA1.1

I område er det opna for bustad, næring, kontor, lager, overnatting og servering.

Maks utnytting %BYA = 50

Nye bygg skal planerast på minimum kote + 3,0.

Byggehøgde maks 12,5 meter over planert terreng.

Nye bygg skal ha eit takfall på minimum 10 grader.

Parkering må opparbeidast på eiga tomt jf. krav til parkering punkt 2.11.

KBA1.1 kan etablere ny tilkomst frå o_V1.3 når anleggsarbeida for Stad skipstunnel er ferdigstilt.

KBA2.1, KBA2.2

Innanfor føremålet er det tillate å etablere bygningar til næring/hotell, fritids- og turistformål, lager og liknande.

Det kan opprettast nettstasjon/trafo i samråd med kraftselskap.

Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0.

Bygningar skal ha varierende gesimshøgde, med maks byggehøgde 16 meter over planert terreng.

Materialval i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel, datert 04.07.2024. Det tillatast å etablere takoppbygg/ark på maksimalt 20 % av takflata, som skal vere lågare enn takflata si maksimale bygghøgde. Det er tillate med terrasser innskote i takflate. Takflater skal vere grønne med stadeigen vegetasjon. Hovudelement på fasade skal vere forblendingsmur av naturstein. Fasade skal inneha variasjon av vindauge og større vindaugsfelt. Tekniske installasjonar skal integrerast i bygningsvolumet.

Ved etablering av gangstiar på tak skal desse vere offentleg tilgjengelege.

Parkering skal opparbeidast innanfor føremåla. Sjå pkt. 2.10.

Parkeringa skal vera samla og skild frå bygningane.

Innanfor områda skal det vera eit disponibelt ope og fritt areal på minimum 1,0 daa som skal nyttast ved evakuering/ulykke i skipstunnel.

Innanfor området skal det etablerast gangareal og vegetasjonsskjerm/voll som vern mot lysforureining mot farleia.

Regulert grense for KBA syner regulert sjølinje kote 0 (NN2000). Vidare skråningsutslag for fyllingsfot kan leggest i tilgrensande sjøareal.

KBA2.1

Utnytting %BYA = 30

Deler av området er råka av faresone for ras (H310) med større årleg sannsyn enn 1/1000 og 1/5000. Sjå pkt. 7.3.

KBA2.2

Utnytting %BYA = 50

Det kan byggjast maksimalt 6 stk. bygningar.

Deler av området er råka av faresone for ras (H_310) med større årleg sannsyn enn 1/5000. Sjå pkt. 7.3.

Innanfor området kan det byggjast hotell med tilhøyrande funksjonar. Formålet kan opne for etablering av suiter for sal og utleige, som ein integrert del av hotellet.

Omfanget av suiter for sal og utleige er avgrensa av inntil 30 % av oppgjeve BRA og skal ikkje vere på bakkeplan. Sal og utleige av suiter skal berre omfatte bruksareal inkludert veranda/balkong, og ikkje utandørs opphaldsareal.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Det er tillat med mindre justering mellom underføremåla dersom justeringane skapar ein meir funksjonell veg- og trafikksituasjon. Justeringa er avgrensa til 2 meter horisontalt og 1 meter vertikalt.

4.2.1 2010 – Veg (14) (o_V1.1 - o_V1.6, o_V2.1 – o_V2.4)

Arealet er avsett til eksisterande og nye offentlege vegar.

Offentlege vegar skal ha utforming i tråd med Statens vegvesen si handbok N100, og opparbeidast i

samsvar med godkjende tekniske løysingar. Brukonstruksjon over portalen skal prosjekterast i tråd med Statens vegvesen si handbok N400 og inngå i gjennomføringsavtale med vegmynde.

FV 618 (o_V2.1) skal vere open i heile anleggsperioden.

FV 620 (o_V1.1 og o_V1.5) skal vere open i heile anleggsperioden. Kryssingspunkt ved Kjøde næringsområde kan bli stengt for korte periodar i samsvar med gjennomføringsavtale med vegmynde.

Det må føreligge løyve frå vegeigar dersom anleggsvegar skal knyttast til fylkesveg 618 (o_V1.1 og o_V2.1) og fv. 620.

o_V2.1 omfattar ny fylkesveg 618 og skal ha ei vegbreidde på 7,5 meter inkludert skulder på kvar side. Dimensjoneringsklasse HØ1.

o_V2.2, o_V2.3, o_V2.4 omfattar ny kommunalveg til entringsområdet og næringsområde KBA, og skal ha ei vegbreidde på 7,5 meter inkludert skulder på kvar side.

o_V1.1 og o_V1.5 omfattar eksisterande fylkesveg 620 og skal ha ei vegbreidde på 6,5 meter inkludert skulder på kvar side. Dimensjoneringsklasse HØ1, utbetningsstandard.

o_V1.2, o_V1.4 omfattar eksisterande kommunal veg KV4565 og skal ha ei vegbreidde på 4 meter inkludert skulder på kvar side.

o_V1.3, o_V1.6 omfattar ny kommunal veg til entringsområdet og skal ha ei vegbreidde på 4 meter inkludert skulder på kvar side.

Nye kommunale vegar til entringsområdet vert avslutta med offentleg snuplass. For snuplassen o_V1.6s er lastebil (L) dimensjonerande køyretøy.

For snuplassen o_V1.3s er buss (B) dimensjonerande køyretøy. For snuplassane o_V2.2s og o_V2.3s er vogntog (VT) dimensjonerande køyretøy.

Gangveg kring snuplassane skal vere køyrestert, med lav kant mot vegbana, slik at arealet kan nyttast som parkering for utrykkingskøyretøy.

Utforming og opparbeiding skal vere slik at helikopter kan lande i senter av snuplassane.

4.2.2 2011 – Køyreveg (KV1.1 – KV1. 18, KV2.1 – KV2.3)

Eksisterande avkøyrslar og landbruksavkøyrslar frå offentleg veg (Fv618, Fv620, KV4565 og KV4500) skal kunna nyttast som tidlegare og er regulert inn på plankartet. Endra bruk krev løyve frå vegeigar.

4.2.2.1 Felles køyreveg (f_KV2.3)

Veg f_KV2.3 er felles for naust UNB2.1 og fritid/turistføremål FTU2.1 og FTU2.2.

4.2.3 2016 – Gangveg/gangareal/gågate (o_GG1.1 – o_GG1.3 og o_GG2.1 – o_GG2.2)

Gangveg o_GG1.1 skal knyte lokalvegane o_V1.2 og o_V1.4 saman. Maks stigning på gangvegen er 1:10. Det er tillat å forbetre stigning ved å justere utforming og plassering gjennom detaljprosjektering. o_GG1.1 skal ha breidde 3 meter. Gangveg skal ha fast dekke eller asfalt.

Gangveg o_GG1.2, o_GG1.3, o_GG2.1 og o_GG2.2 kring snuplassane skal alle ha breidde 4 meter. Gangveg o_GG1.2, o_GG1.3, o_GG2.1 og o_GG2.2 kring snuplassane skal vere køyresterkt, med lav kant mot vegbane, slik at arealet kan nyttast som parkering for utrykkingskøyretøy.

4.2.4 2018 – Annan veggrunn – teknisk anlegg (AVT)

Føremåla skal etablerast ved oppgradering/bygging av tilhøyrande offentlege vegstrekningar. Arealet kan nyttast til murar, skjering, fylling, grøft, rekkverksrom og tekniske installasjonar langs offentleg veg etter løyve frå vegmynde. Sikt- og tryggingssoner langs vegen må oppretthaldast. Området kan også nyttast som gangvegareal.

Området kan nyttast som mellombels bygge- og anleggsområde i realiseringa av Stad skipstunnel. Det kan etablerast mellombels anleggsveg i området etter løyve frå vegmynde.

Før det blir sett i verk tiltak innanfor AVT og AVG (gnr. 205, bnr.2), skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id. 298082 som er markert som område for føresegn #1.6. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.5, 4.3.1, 8.1 og 8.3.

4.2.5 2019 – Annan veggrunn – grøntareal (AVG)

Anna veggrunn omfattar trapper, gangveg, gangstiar, stiar, skråningar, skjeringar, murar og andre sideareal til veg og skipsportalane. Det er tillat med bygging av sikringskonstruksjonar for skipsportalane i området.

Det er tillat med etablering av brufundament knytt til veg o_V2.1.

Området kan nyttast som mellombels bygge- og anleggsområde i realiseringa av Stad skipstunnel. Det kan etablerast mellombels anleggsveg i området. Avkøyrse til offentleg veg kan berre etablerast etter løyve frå vegmynde.

Ved annan bruk av arealet innanfor byggegrensa mot offentleg veg, må det søkast om løyve frå vegmynde. Dette gjeld også for bygge- og anleggsfasen.

Sikt- og tryggingssoner langs vegen må oppretthaldast.

Nødvendige anlegg og mindre tekniske bygg som har med drift av skipstunnelen, kan etablerast i føremålet. Det same gjeld for navigasjonsanlegg, lys med meir. Tekniske bygg skal integrerast i sidepall til skipsportalane, BYA= maks 200 m² pr. bygg.

Fjellskjeringar mot tunnelpåslaga skal sikrast med gjerde. Det kan etablerast viltgjerde.

Det er tillat å forbetre på gangveg (o_GG1.1) ved å justere utforming og plassering gjennom detaljprosjektering.

Eksisterande traktorveg bak UNB1.2 og tilliggjande LNFR-område kan rustast opp med grus.

Før det blir sett i verk tiltak innanfor AVG (gnr. 205, bnr.2) skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id. 298082 som er markert som område for føresegn #1.6. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå

punkt 2.1, 4.2.4, 4.3.1, 8.1 og 8.3.

4.2.6 2040 – Hamn (H1.1 - H1.3)

Designmanual for Stad skipstunnel skal leggjast til grunn ved utforming av området, jf. punkt 2.7.

H1.1

Sjøområdet mellom KBA1.1 og UNB1.1 kan nyttast som båtopptrekk slik som i dag. Båtopptrekket skal vere allment tilgjengeleg.

Det er tillate med skråningsutslag frå UNB1.1 i området.

H1.2

Hamneområdet kan nyttast til parkering, teknisk bygg, båtgarasje, servicebygg, grøntareal/voll, gangstiar og tilkomst til kaiområde.

Utnytting %BYA = 12

Byggehøgder etter gjeldande teknisk forskrift.

Innanfor områda skal det vera eit disponibelt ope og fritt areal på minimum 1,0 daa som skal nyttast ved evakuering / ulykke i skipstunnel.

Regulert grense for H1.2 syner regulert sjølinje kote 0 (NN2000). Vidare skråningsutslag for fyllingsfot kan leggast i tilgrensande sjøareal.

H1.3

Hamneområde som kan nyttast til parkering, teknisk bygg, nærmiljøanlegg, grøntareal/voll og gangstiar.

Utnytting %BYA = 12

Mønehøgda skal ikkje overstige 5 meter.

Parkering for naustområde UNB1.2 kan etablerast innanfor føremålet.

Regulert grense for H1.3 syner regulert sjølinje kote 0 (NN2000). Vidare skråningsutslag for fyllingsfot kan leggast i tilgrensande sjøareal.

4.2.7 2041 – Kai (KAI1.1, KAI1.2, KAI1.3, KAI2.1, KAI2.2, KAI2.3)

Områda skal nyttast som kai.

Det kan etablerast køyretilkomst for vedlikehalds- og utrykkingskøyretøy fram til kai frå tilgrensande føremål. Byggjegrænse går i føremålsgrensa.

KAI1.1 -1.2 og KAI2.1 -2.2

Nødvendige anlegg, samt mindre tekniske bygningar som har med drift av tunnelen, kan etablerast på kaiene. Det same gjeld for navigasjonsanlegg, lys med meir. Det tillatast justeringar av byggjegrænse og føremålsgrense imot tilgrensande sjøareal for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø, samt mot tilgrensande AVG-areal for å ivareta estetiske og tekniske omsyn ved etablering av terrassar.

Kaiane kan stengast av med gjerde.

Tekniske bygg skal integrerast i sidepall til skipsportalane, BYA= maks 200 m² pr. bygg.

KAI1.3

Område skal nyttast til kai for næringsområde KBA1.1.

KAI2.3

Området skal nyttast til kai for anløp av hurtigbåt. Ny kai skal ha maksimalt topp kaidekke på kote + 3,5 moh.

Maksimal dimensjon på kai er L= 40 meter, B= 10 meter.

Djupne ved kaifront skal vera minimum - 6 meter.

Kai kan utformast som flyteinstallasjon.

Kaien skal plasserast i samråd med hurtigbåtselskap.

Areal som ikkje inngår til kai skal inngå i bruk og vern av sjø og vassdrag (BSV2.2) eller i kombinert bygge- og anleggsområde (KBA2.2).

4.2.8 2082 – Parkeringsplassar (PP2.1)

Parkeringsplass til fritidseigedom FBF2.1 (g/bnr. 266/18). Frå parkeringsplassen skal det gå gangsti ned til fritidsbustad.

4.3 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

4.3.1 5100 - LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget til garden (LNFR)

Området kan nyttast til gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Det er tillate med skråningsutslag frå FTU2.1 i området.

Det er tillate å etablere viltgjerde i området.

Før det blir sett i verk tiltak innanfor LNFR (gnr./bnr. 205/2, 205/10 og 204/3) skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082, 298084, og 298119 som er markert som område for føresegn #1.6, #1.5 og #1.4. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.2.5, 8.1 og 8.3.

4.3.2 5111 – Jordbruk (J1.1)

Områda kan nyttast til jordbruk.

4.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

4.4.1 6001 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

Område som skal sikre ferdsel, farlei, drikkevatt, og natur- og friluftsområde.

Det tillatast justeringar av byggjegrænse og føremålsgrænse imot tilgrensande farlei og kaiområde for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø.

4.4.2 6200 – Farleier (o_FA1.1 og o_FA2.1)

Offentleg seglingsled (transportåre) for å sikre leia til skipstunnelen.
Minimum utdjuping til kote – 13,25 (NN2000).

Det tillatast justeringar av føremålsgrænse imot tilgrensande sjøareal og kaiområde for naudsynte tilpassingar av kaifront mot sjø og for å sikre trygg ferdsel til sjøs.

4.4.3 6220 – Hamneområde i sjø (HOS1.1).

Sjøareal tilknytt KAI1.3 og KBA1.1.

Det er tillate å plassere flytebryggje med maksimal storleik på 2,5 x 12 meter, forutsett at den ikkje kan kome i konflikt med etablering og bruk av småbåthamn (SH1.1).

4.4.4 6230 – Småbåthamn (SH1.1 og SH2.1).

Privat hamn for småbåtar. Etablering av flytebrygger, moringar og andre installasjonar tillatast. Småbåthamn SH1.1 og SH2.1 skal ha ei seglingsdjupne på min kote -5 (NN2000).

SH1.1

Det kan det leggjast til rette for maksimum 48 stk. båtplassar.

Det kan etablerast longsidebrygge på 65 meter.

SH2.1

Det kan det leggjast til rette for maksimum 58 stk. båtplassar.

Det kan etablerast longsidebrygge på 75 meter.

Anlegget skal ha landfeste i KBA2.2.

Parkering tilknytt småbåthamna er tillat i KBA2.1, KBA2.2 og H1.2.

5 Føresegner for arealformål (vertikalnivå 1)

5.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

5.1.1 2041 – Kai (o_KAI)

Kai på begge sider av farleia skal vere med å sikre ev. tilkomst, vedlikehald og røymingsveg. Nødvendige tekniske anlegg og navigasjonsanlegg, lys med meir kan etablerast på kaiane.

5.1.2 2180 – Andre tekniske infrastrukturresar (o_ATI1-o_ATI2, ATI3)

o_ATI1 og o_ATI2

Arealet er regulert til sidedekning skipstunnel for å sikre naudsynt side- og overdekking til skipstunnelen.

Naudsynte anlegg, installasjonar, tekniske føringar, snuareal for utrykkingskøyretøy og bygg som har med drift av tunnelen, kan etablerast i områda.

ATI3

Areal for å sikre anleggstunnel for anleggsgjennomføring av skipstunnelen.

Midlertidig bygge- og anleggsområde (#B) er lagt over føremålet.

5.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

5.2.1 6200 – Farleier (o_FA)

Offentleg seglingsled (transportåre) gjennom skipstunnelen. Minimum utdjuping til kote – 13,25 (NN2000).

Det tillatast oppført ledekonstruksjonar og naudsynthe sikringstiltak for skip innanfor formåla.

6 Føresegner for arealformål (vertikalnivå 4)

6.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

6.1.1 6900 – Utdjuping ned til min. kote – 13,25 (o_VAA1.2 og o_VAA2.2)

I tilkomstsona til skipsportalen tillatast utdjuping i strandsona ned til minimum kote – 13,25 (NN2000) for å sikre naudsynt djupne i farleia.

Midlertidig bygge- og anleggsområde (#A) er lagt over deler av føremålet, i samsvar med vertikalnivå 2.

6.1.2 6900 – Fylling i sjø (o_VAA1.1 og 1.2, og o_VAA2.1 og 2.2)

Fyllingsutslag i sjø for å sikre naudsynt utfylling ved etablering av områda H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2, UNB1.1, UNB2.1 og FTU2.1.

7 Omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)

7.1 Frisikt (H140)

Innanfor sikringssona for frisikt skal sikthinder ikkje vera høgare enn 0,5 m over køyrebana på primærveggen. Vestland fylkeskommune og kommunen kan krevje sikthindrande element fjerna. Einskilde tre, stolpar og liknande kan stå innanfor sikttrekanten dersom dei ikkje kjem i konflikt med N100.

FB1.1 (ved tunnelportal nord i Kjøde) og gnr. 205, bnr. 10 skal ha tilkomst frå o_V1.6 og den må stette kravet til siktsone på 4 meter x 45 meter ved etablering.

7.2 Andre sikringssoner (H190) - Sikringssone skipstunnel (H190)

Sikringssone for Stad skipstunnel med farlei, kai og sideareal ATI1 og ATI2 frå vertikalnivå 1.

Boring eller tiltak i grunnen innanfor sikringssone H190 kan ikkje føretakast utan at Kystverket har uttalt seg til planlagde tiltak.

7.3 Faresone ras- og skredfare (H310)

Rasfare H310_1

Skredfare med større årleg sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige og godkjennast av Stad kommune.

Rasfare H310_2

Skredfare med større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i _____

tryggleiksklasse S2 før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige og godkjennast av Stad kommune.

Rasfare H310_3

Skredfare med større årleg sannsyn enn 1/5000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige og godkjennast av Stad kommune.

Det er tillate å gjennomføre ras- og skredsikringstiltak innanfor planområdet uavhengig av føremål, jf. punkt 2.21.

Rasfare H310_4

Skredfare er ikkje vurdert innanfor deler av LNFR-område. Ev. bygging innanfor faresona skal nærare vurderast med omsyn til reell fare, og krav til sikringstiltak, før byggjeløyve kan bli gitt.

7.4 Faresone høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar (H370_1.1 og H370_2.1-2.4)

Høgspenningsanlegg gjeld fareområde rundt høgspent luftlinje gjennom planområdet med buffer på 10 meter til kvar side.

Arbeid nært opp til omsynssona (30 meter frå ytterkant) skal utførast med varsemd og i samråd med leidningseigar.

Trase H370_2.1 kan leggjast om og leggjast som kabel i bakken uavhengig av føremål. Deler av H370_1.1 kan leggjast om etter avtale med leidningseigar uavhengig av føremål.

7.5 Annan fare vernskog (H390_1.1-1.2 og H390_2.1)

Skogen i området skal i størst mogleg grad oppretthaldast som vern for ras og skred. Uttak av enkelttre og andre tiltak for fornying, tillatast dersom tiltaka skjer på ein mest mogleg skånsam måte. Vidare tillatast naudsynt rydding for eksisterande kraftleidningar og veger.

Det skal utarbeidast ein skjøtselsplan for vernskog som sikring for ras jf. pkt. 11.3.2 og 11.4.1.

Skog som vert fjerna i midlertidig bygge- og anleggsområde skal plantast igjen innan 1,5 år etter at skipstunnel er opna.

8 Føresegnsområde (kartforskrifta)

8.1 Midlertidig bygge – og anleggsområde (vertikalnivå 1, 2 og 4)

Områda innanfor #2.1, #A og #B kan nyttast av verksemder for realisering av skipstunnelen, og tilhøyrande naudsynt oppgradering av veg.

I områda kan det vere mellombels bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar m.m. I anleggstida kan det leggjast ut mellombels fyllingar i sjø.

Midlertidig bygge og anleggsområde er lagt over ulike føremål for å sikre gjennomføring av Stad skipstunnel-prosjektet. Forslag til prosjektgjennomføring går fram av anleggsnotatet.

Det må føreligge løyve frå vegeigar dersom det skal gjerast tiltak knytt til fylkesveg 618 og fv. 620.

Oppfylling av småbåthamn SH1.1 og SH2.1 skal etterpå fjernast ned til min kote -5 (NN2000).

Oppfylling av farlei FA1.1 og FA2.1 skal etterpå fjernast ned til min. kote – 13,25 (NN2000).

Før det blir sett i verk tiltak innanfor #B (gnr./bnr. 205/10 og 204/3) og #A (gnr./bnr. 205/2 og 204/3) skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082, 298084, og 298119 som er markert som område for føresegn #1.6, #1.5 og #1.4.

Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.2.5 og 8.3.

Før anleggsområda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Det skal gjennomførast kartlegging for naturmangfald for område som vert nytta.

Områda skal tilbakeførast innan 1 år etter at Stad skipstunnel er opna.

Før del av midlertidig bygge- og anleggsområde som omfattar KAI 1.3 kan nyttast, skal det skal vera gitt skriftleg varsel, seinast 1 måned før anleggsstart.

Mellombels trase for fylkesveg 618 (#2.1)

Område #2.1 kan nyttast til omlegging av fylkesveg 618 i anleggsperioden.

Den mellombelse fylkesvegen skal ha planfri kryssing av anleggstrafikk.

Midlertidig omlagd fv.618 skal ha fullgod vegstandard som nybygd veg med fast dekke, i samsvar med krav i handbok N100.

Vegen skal sikrast for utforkøyringar iht. N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr.

Det skal føreliggja plan for utforming og plassering av mellombels FV618 (interimsveg). Sjå punkt 11.2 og anleggsnotat.

Midlertidig bygge- og anleggsområde (#A)

Etter ferdig anleggsbruk skal områda førast attende til bruksformål og utforming slik plankartet viser.

Midlertidig bygge- og anleggsområde (#B)

Etter ferdig anleggsbruk skal områda inkludert underliggjande LNFR-føremål førast attende til bruksformål i gjeldande overordna plan.

8.2 Båtopptrekk (#1.1, #1.2 og #2.1)

Båtopptrekk kan plasserast innanfor føresegnsområde #1.1 (KAI1.3), #1.2 (H1.2), og #2.1 (UNB2.1).

8.3 Føresegnområde kulturminne - Kulturminne som blir søkt frigjeve (#1.3, #1.4, #1.5,

#1.6, #1.7 og #2.2)

Område inneheld automatisk freda kulturminne.

For #1.4, #1.5 og #1.6 skal det gjennomførast arkeologisk utgraving.

For #1.3, #1.7 og #2.2 tillatast at kulturminne fjernast utan arkeologisk utgraving.

#1.6 - Askeladden id. 298082 – dyrkingsflate førreformatorisk tid

#1.5 – Askeladden id. 298084 - dyrkingsflate førreformatorisk tid

#1.3 – Askeladden id. 298110 - dyrkingsflate førreformatorisk tid

#1.7 – Askeladden id. 298117 - dyrkingsflate førreformatorisk tid

#1.4 – Askeladden id. 298119 - dyrkingsflate førreformatorisk tid

#2.2 – Askeladden id. 298120 – Aktivitetsområde, steinkonstruksjon og dyrkingsflate førreformatorisk tid

Før det blir sett i verk tiltak innanfor føresegningsområde #1.6, #1.5 og #1.4 skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna, Askeladden id. 298082, 298084, og 298119. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast. Sjå punkt 2.1, 4.2.4, 4.2.5, og 8.1.

Det vert ikkje kravd arkeologisk utgraving av kulturminne ID 298110, 298117-og 298120 som ligg innanfor føresegningsområde som er markert #1.3, #1.7 og #2.2 i plankartet. Desse kulturminna kan fjernast utan vilkår om arkeologisk utgraving.

9 Linjesymbol

Bygg som føreset fjernast er vist som juridisk bindande linjesymbol i plankart. Frå gjeldande områdeplan er dette vidareført og omfattar fylgjande eigedomar:

G/bnr.

202/5 - naust

203/1 – løe, våningshus (hytte), einebustad, naust

203/6 – einebustad, garasje

204/3 – annan landbruksbygning, naust

204/6 – einebustad

204/8 – fritidsbygg

203/10 – løe, våningshus (2 stk.), naust, uthus

I forbindelse med anleggsgjennomføring er det lagt inn fire nye bygg som skal fjernast.

G/bnr.

203/5 – einebustad

203/1 – bygg for dyr/landbr.lager/silo


203/1 – garasje


205/9 - bedehus


Regulert støttemur:

Det er regulert inn støttemurar tilknytt veg. Detaljprosjektering må avklare høgde og utstrekning.

10 Punktsymbol

Punktsymbol  Avkøyrser – inn- og utkøyring er synt med dette symbolet. Endeleg plassering av nye avkøyrser til FB1.1 og gnr. 205, bnr. 10 skal avgjerast i byggesøknad med krav om godkjenning frå vegmynde.

Punktsymbol  viser utkøyring for buss frå KBA2.2

Punktsymbol  viser brukar for etablering av ny fylkesveg 618 over portalområdet for Stad skipstunnel i Moldefjorden.

Nye og eksisterande avkøyrser skal ha utforming i tråd med Statens vegvesen si handbok N100. For eksisterande avkøyrser skal desse utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 ved utvida bruk.

11 Rekkjefølgjeføresegner (pbl. § 12-7. Nr. 10)

11.1 Avklaring av omgrep

I føresegnene er det vist til *plan for teknisk funksjonsbeskrivelse, gjennomføringsavtale, anleggsnotat, gjennomføringsplan, overordna plan for VAO, teknisk plan for VAO og utbyggingsavtale*. Under er det gitt ei kort skildring av kvart dokument, samt avklaring av nokre andre viktige omgrep:

Teknisk funksjonsbeskrivelse:

I ein totalentreprise beskriv byggherren funksjonane i prosjektet, med ønska standard, krav og føresetnadar i ein teknisk funksjonsbeskrivelse. Dokumentet blir brukt som underlag når tilbydarar skal berekne kostnader og gi tilbod. Videre prosjekterast underlaget ut når ein entreprenør er engasjert. Grunnlaget for funksjonsbeskrivelser er anleggsnotat, reguleringsplanar og forprosjekt. Krav i reguleringsplanar, offentlege regelverk, handbøker og søknader skal vere ivaretatt i funksjonsbeskrivelsen. Ein funksjonsbeskrivelse tar gjerne utgangspunkt i eit gjennomarbeida forprosjekt der kvalitet, funksjon og krav skildrast.

Anleggsnotat:

Notatet er byggherren skildring av korleis anleggsgjennomføringa tenkt/planlagt utført.

I ein totalentreprise vil det vere noko krevjande å spesifisere utføringa, da mykje er entreprenør-avhengig. Innanfor dei fastsette rammene, definert av reguleringsplanar og funksjonsbeskrivelsen, skal entreprenør sjølv detaljprosjektare løysingar. Vidare skal same entreprenør stå for utbygginga.

Beredskapsplan:

Beredskapsplanen skal gjennom analyse klargjere behov for eventuell styrking av beredskap i området som må til for å handtere dei oppgåver kommunal beredskap må forvente å kunne møte, som følgje av både bygging- og drift av Stad skipstunnel.

Styrking av beredskap kan inkludere, men er ikkje avgrensa til, materiell, mannskap, analysar, øving, sertifisering, drift- og vedlikehald, samt livssykluskostnader. Kommunal beredskap er hovudsakleg knytt til brann- og redning, samt kommunal beredskap mot akutt ureining, uavhengig av om denne inngår i IUA-samarbeidet.

Gjennomføringsplan:

Skal utarbeidast av entreprenør/ansvarleg søker som skal utføre oppdraget. Viktige milepålar vert skildra og naudsynt arbeidsomfang for å nå fristane vert synleggjort.

Gjennomføringsplanen skildrar konkrete tiltak som sikrar at alle utfordringar i prosjektet blir ivareteke. I dette gjeld også planer for trafikkavvikling og tiltak for å ivareta trygg trafikkavvikling på eksisterande vegnett.

Andre døme vil være konkrete tiltak for å ivareta omsyn til ytre miljø og redusere belastningar for tredjepart i form av støy, støv og vibrasjonar.

Gjennomføringsplanen skal vise at krav om (uavhengig) kontroll er ivaretatt, og skal innehalde m.a. oversikt over ulike tiltaksklasser og ansvarsoppgåver.

Planen vil vere dokumentasjon som gir byggherre, kommunen og andre etatar tilstrekkelege opplysningar om gjennomføringa av tiltaket. Gjennomføringsplan er omtalt i SAK10 (byggesakforskriften) under kapittel 5.

Gjennomføringsavtale:

Gjennomføringsavtale er avtale mellom offentleg mynde og utbygger, om utbygger sin gjennomføring av offentleg tiltak. Avtala regulerer korleis arbeida skal gjennomførast, den skal sikre at offentlege krav til tiltaka blir oppfylt, den kan gje offentlege myndigheiter rett til informasjon og deltaking på t.d. byggemøter i anleggsfasen, og skal sikre god overtaking av anlegga til offentleg eige, drift og vedlikehald.

Det skal inngåast gjennomføringsavtale med offentlege myndigheiter om eksempelvis tiltak på offentleg veg.

Gjennomføringsavtale etter denne definisjonen avgrensast mot utbyggingsavtaler i pbl. Kapittel 17.

Overordna plan for VAO:

Overordna plan for vatn, avlaup og overvatn skal vere basert på Stad kommune si VAO-norm.

Teknisk plan for VAO:

Detaljert teknisk plan som viser korleis utbygger skal utføre tiltak på vatn, avløp og overvatn i prosjektet, i tråd med kommunal VAO norm. Planen skal vise detaljprosjektering, grensesnitt, utgreiingar, planteikningar og andre naudsynte illustrasjonar/teikningar.

Berstad vassverk:

Berstad vassforsyningssystem, jf. drikkevassforskrift §3, omfattar;

System som ikkje er enkeltvassforsyning, og som består av eitt eller fleire av følgjande element: vasstilsigsområde, råvasskjelda, vassbehandlingsanlegg og distribusjonssystem. Vasstilsigsområdet eller råvasskjelda utgjer aleine ikkje eit vassforsyningssystem.

Høgdebasseng:

Lukka lagringsanlegg for drikkevatt med eitt eller fleire vasskammer, betjeningshus/ventilhus, driftsutstyr og atkomstinnretningar, som sørger for utjamning i etterspørsel etter vatn, gir trykkstabilitet og som har vassreservar til å oppretthalde forsyning ved stans i tilførsel frå vassbehandling/kjelde, samt kan dekke vassbehov ved brannsløkking.

Utbyggingsavtale:

Utbyggingsavtale etter pbl. kap. 17, kan nyttast for å innfri krava om rekkefølgekrav om opparbeiding eller sikra opparbeiding av teknisk infrastruktur, vegar og fortau mm innanfor planområdet. Krav om rekkefølge knytt til tiltak som alternativt kan vere «sikra opparbeida» blir rekna som oppfylt dersom tiltakshavar har inngått utbyggingsavtale med Stad kommune, og oppfylt sine plikter til gjennomføringa av tiltaket i medhald av avtalen.

11.2 Rekkefølgekrav

11.2.1. Rammeløyve til tiltak knytt til Stad skipstunnel

Før det kan gis rammeløyve skal dokumentasjon på følgjande ligge føre:

- a) Plan for handtering av masser knytt til tiltaket, godkjend av Kystverket og kommunen.
- b) VAO-rammeplan basert på Stad kommune sin VAO-norm, godkjend av kommunen.
- c) Overordna beredskapsplan, godkjend av kommunen.
- d) Plan for nødvendig sløkkevatn for anleggsperioden, godkjent av kommunen.
- e) For tiltak som gjeld inngrep i matjord må plan for omdisponering av jorda vere godkjent av kommunen.
- f) Plan for handtering av støy og støv i medhald av føresegn 2.3.1 bokstav f) - i), godkjend av kommunen
- g) Plan for beplantning og tilbakeføring av terreng i råka uteareal, samt for fyllingsfront med maritimt liv.
- h) Geotekniske rapportar der det er nødvendig
- i) Anleggsnotat, godkjend av kommunen og vegmynde.
- j) Kryss fv620/KV4565 (tilkomst Kjøde grendahus)

Ved innsending av rammesøknad skal det gå fram om tiltaket medfører 150 ÅDT eller meir i krysset. Dersom tiltaket medfører trafikk over 150 ÅDT, skal det i rammeløyve stillast vilkår om at krysset skal vere opparbeida i tråd med reguleringsplanen før igangsettingsløyve etter planbestemmelse 11.2.2 og 11.2.3.

- Ved innsending av rammesøknad etter dette punktet, skal det gå fram om tiltaket medfører anleggstrafikk i krysset. Dersom tiltaket medfører anleggstrafikk knytt til massetransport, skal det i rammeløyve stillast vilkår om at krysset skal vere opparbeidd i tråd med reguleringsplanen før igangsetting etter planføresegn pkt. 11.2.2 og 11.2.3.
- Anleggstrafikk knytt til etablering av snuhammar og VAO-anlegg i tråd med reguleringsplan, skal ikkje utløyse krav om utbetring av kryss. Før oppstart av anleggsarbeid knytt til etablering av snuhammar og VAO-anlegg, skal tiltakshavar inngå gjennomføringsavtale med råka offentlege myndigheiter. Dette skal sikre god og trafikksikker gjennomføring av anleggsarbeid. Gjennomføringsavtalen bygger på utarbeidd gjennomføringsnotat.

11.2.2 Igangsettingsløyve i Kjøde for tiltak knytt til Stad skipstunnel

11.2.2.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve skal følgjande ligge føre:

- a) Dokumentasjon på ivaretaking av kulturminne.
- b) Dokumentasjon på kartlegging av brønnar knytt til drikkevatt og energiproduksjon.
- c) Tiltaksplan for fjerning og skjøtsel av uønska artar.
- d) Plan for sikringstiltak nærare høg- og lågspentlinjer enn 30 meter etter føresegn 2.19 viss Gorgeneset skal nyttast til masseplassering.
- e) Dokumentasjon i medhald av føresegn 2.3.1 bokstav a) - e), godkjend av kommunen.
- f) Skjøtselsplan for vernskog som sikring for ras, godkjent av offentleg mynde.
- g) Gjennomføringsavtale med vegmynde for arbeid på offentleg veg eller for arbeid som direkte påverkar offentleg veg.
- h) Beredskapsplan for anleggsfasen, godkjend av kommunen.
- i) Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn (VAO) i tråd med kommunal VAO norm, godkjent av kommunen.
- j) Gjennomføringsavtale med Stad kommune, knytt til utbyggingstiltak/tiltak på vatn, avlaup og overvatn i prosjektet.
- k) Belysningsplan for portalopningane må vere godkjend av Stad kommune før det kan gjevast igangsetjingsløyve for utomhusarbeider.
- l) Landskapsplan i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel revisjon 8, 04.07.2024, godkjent av kommunen. Planen skal vise endeleg opparbeiding av H1.1, H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2, samt AVG, AVT og regulert rasteplass i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 2022013.

11.2.2.2 Før det kan gis igangsettingsløyve i Kjøde skal følgjande vere oppfylt:

- a) Kryss fv.620/KV4565 må vere opparbeida for tiltak definert i pkt. 11.2.1 k). Opparbeiding må vere ferdig, godkjend av vegmynde og teke i bruk.
- b) Ved endra bruk av Kjøde grendahus skal følgjande tiltak vere opparbeida: KV1.11 med utbetra tilkomst inkludert nødvendig støttemur og tilhøyrande sideareal.
- c) Nytt høgdebasseng i Kjøde må vere sikra opparbeida i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen.
- d) Vassleidning frå Vanylven kommune må vere sikra opparbeida, i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen.
- e) Godkjent løysing for sløkkevann må dokumenterast
- f) o_KV1.12 med tilhøyrande sideareal og fortau skal opparbeidast i medhald av kommunal vegnorm. Snuplasser på o_V1.2 og o_V1.4 må vere opparbeida før KV4565 kan brytast.
- g) Belysningsplan for portalopningane må vere godkjend av Stad kommune før det kan gjevast igangsetjingsløyve for utomhusarbeider.
- h) Etablering av kryssing for dumpers, jf. vedtak frå Statens Vegvesen datert 02.05.24 og anleggsnotat.
- i) Ved utfylling av masser frå Stad skipstunnel innanfor områda BAA1-2 i Reguleringsplan for Kjøde, planID 2022013, må Berstad vassverk vere opparbeida eller sikra opparbeida.
- j) Nødvendige tiltak mot støy må vere gjennomført.
- k) Vatn og eventuelt andre naudsynte tiltak mot støv må vere tilgjengeleg.

11.2.2.3 Arbeid på o_KV1.9

Før oppstart arbeid på o_KV1.9 skal det vere gjennomført sikringsarbeid for å hindre utrasing frå gbnr. 205/11.

11.2.3 Igangsettingsløyve ved Moldefjorden for tiltak knytt til Stad skipstunnel

11.2.3.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve skal følgjande ligge føre:

- a) Gjennomføringsavtale med vegmynde for arbeid på offentlig veg eller for arbeid som direkte påverkar offentlig veg. Unntak er dersom aktuell vegmynde set i gong arbeid på eigen veg.
- b) Skjøtselsplan for vernskog som sikring for ras, godkjend av kommunen.
- c) Dokumentasjon i medhald av føresegn 2.3.1 bokstav a) – e), godkjend av kommunen.
- d) Dokumentasjon på kartlegging av brønnar knytt til drikkevatn og energiproduksjon, jf. pkt. 2.20.
- e) Beredskapsplan for anleggsfasen, godkjend av kommunen.
- f) Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn (VAO) i tråd med kommunal VAO norm, godkjent av kommunen.
- g) Godkjent gjennomføringsavtale med Stad kommune, knytt til utbyggingstiltak/tiltak på vatn, avløp og overvatn i prosjektet.

11.2.3.2 Før det kan gis igangsettingsløyve ved Moldefjorden skal følgjande vere oppfylt:

- a) Eidekrysset, fv. 618 mellom Seljevegen og Mannseidet, må vere opparbeida med sideareal og fortau i samsvar med reguleringsplanen, godkjent av vegmynde og teke i bruk.
- b) Viss anleggstrafikk skal følgje dagens køyreveg (v) må det etablerast møteplassar mellom Eidekrysset og skipstunellen, jf. anleggsnotatet.
- c) Ved utfylling av masser frå Stad skipstunnel innanfor områda BAA1-2 i Reguleringsplan for Lesto, planID 2022014, må Berstad vassverk vere opparbeida eller sikra opparbeida.
- d) Nytt høgdebasseng på Berstad må vere sikra opparbeida i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.
- e) Godkjent løysing for sløkkevatn må dokumenterast
- f) Nødvendige tiltak mot støy må vere gjennomført.
- g) Vatn og eventuelt andre naudsynte tiltak mot støv må vere tilgjengeleg.
- h) Støyreducerande tiltak for bustad i Seljevegen 3435 (gbnr. 264/4) må vere opparbeida før det kan gis igangsettingsløyve til øvrige tiltak.

11.2.4 Mellombels bruksløyve / ferdigattest

Før det kan gis mellombels bruksløyve / ferdigattest skal følgjande vere oppfylt:

- a) ATV og AVG skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan.
- b) o_V1.3 , o_V1.3s og o_GG1.2. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i medhald av kommunal vegnorm.
- c) H1.2 skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. På H1.2 må det vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.
- d) UNB1.1 og UNB1.2 skal vere opparbeida, klart til utbygging.
- e) O_GG1.1 med sideareal skal vere ferdig opparbeida.
- f) H1.3, o_KAI1.1 og o_KAI1.2 skal vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Nærmiljøanlegget skal innehalde gapahuk, utescene og speleflate i medhald av Designmanual revisjon 8, 04.07.2024. På H1.3 må det vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.
- g) o_V1.6, o_V1.6s, o_GG1.3, o_KV1.8 og o_KV1.9. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.
- h) På KBA2.2 må vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Det må vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.

- i) Rasteplass, o_RP, med tilhøyrande avkøyring må vere ferdig opparbeida som regulert i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 4649_2022013, i medhald av godkjent landskapsplan og basert på Designmanual for Stad skipstunnel revisjon 8, 04.07.2024.
- j) Bruløysing fv. 618 med tilhøyrande sideareal skal vere opparbeida i medhald av gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune.
- k) O_V2.3, o_V2.4, o_V2.3s og o_GG2.2. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.
- l) På KBA2.2 må vere opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan. Det må i tillegg vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.
- m) KBA2.1 skal vere ferdig opparbeida i medhald av godkjent landskapsplan, under dette med vegsystem, snuplass, gangveg og parkeringsplass. Det skal leggst til rette for utbygging. Materialval skal vere i medhald av Designmanual for Stad skipstunnel, datert 04.07.2024. På KBA2.1 må det i tillegg vere sikra eit område for evakuering med ein samla storleik på 1 daa. Arealet kan ikkje nyttast til lagring eller utbygging.
- n) O_V2.2, O_V2.2s, o_GG2.1 og KV2.2. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere opparbeida i samsvar med kommunal vegnorm.
- o) Parkeringsplass til fritidseigedom FBF2.1 skal vere opparbeida.
- p) Tilkomst til gbnr. 266/4 skal vere opparbeida i medhald av kommunal vegnorm.
- q) Beredskapsplan for driftsperioden, godkjend av kommunen.
- r) Berstad vassverk med høgdebasseng, høgdebasseng på Kjøde, og vassleidning frå Vanylven kommune må vere opparbeida og teke i bruk.
- s) Sløkkevatn til skipstunnelen med tilhøyrande anlegg for driftsfasen må vere etablert i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.
- t) H1.2, H1.3, KBA2.1 og KBA2.2 skal vere tilrettelagt med byggeklar infrastruktur til tomtegrensa. Dette inkluderer straum, fiber, veg, vatn, sløkkevatn og avlaup, med tilhøyrande leidningsnett dimensjonert for framtidig utbygging innanfor arealformåla og i medhald av godkjend VAO-rammeplan og godkjend teknisk plan for VAO. Kravet gjeld ikkje eventuell reinsing av spillvatn knytt til framtidig utbygging.
- u) Infrastruktur som nemnd i punktet over skal også vere opparbeida fram til BAA1 og BAA2 i reguleringsplan for Kjøde næringsområde, planID 2022013, og for BAA1 og BAA2 i reguleringsplan for Lesto næringsområde, planID 2022014.
- v) Sikringsvoll innafor #1 skal være etablert/ferdigstilt i samsvar med føresegn 4.2.

11.3 Øvrige rekkefølgekrav

11.3.1 Igangsettingsløyve for kombinerte formål (KBA1.1, KBA2.1 og KBA2.2)

Tiltak innanfor føremålet kan ikkje igangsettast før dei tiltak, areal og infrastruktur som er naudsynte for realiseringa av Stad skipstunnel, er sikra opparbeidd.

11.3.2 Mellombels bruksløyve / ferdigattest for naustformål (UNB2.1)

Veg o_V2.4 og f_KV2.3. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere ferdig opparbeida i medhald av plan, til og langs med UNB2.1

11.3.3 Mellombels bruksløyve /ferdigattest for fritidsformål (FTU2.1 og FTU2.2)

Veg o_V2.4 og f_KV2.3. Veg med tilhøyrande sideareal og fortau skal vere ferdig opparbeida i medhald av plan.

11.3.4 Føresegningsområde (#1.4, #1.5 og #1.6)

Før det kan gis igangsettingsløyve til tiltak innfor føresegningsområda skal det gjennomførast arkeologisk utgraving. Automatisk freda kulturminne skal vere fjerna.

11.3.5 Utbyggingsavtale

Rekkefølgekrav der tiltak alternativt skal vere «sikra opparbeida», er oppfylt dersom tiltakshavar/grunneigar har inngått utbyggingsavtale med Stad kommune, jf. plan- og bygningsloven kapittel 17, og i tillegg har inngått forpliktande avtale med Vestland fylkeskommune der slik avtale er aktuell.